

Kvinnherad
Oppmålingskontoret
Rosendalsvegen 10
5470 Rosendal

post@kvinnherad.kommune.no

Solberg Liv
Goto 12
5470 Rosendal

Oversending av protokoll frå oppmålingsforretning den onsdag 11. oktober 2017 - Grunneiendom (pbl §20-1, m)

Vi viser til oppmålingsforretning som blei halden over gnr.64 bnr.18 den onsdag 11. oktober 2017.

Protokollen er no klar for gjennomsyn.

Matrikkelova kap. 9 § 46 gir dei rørte partar klagerett på oppmålingsforretninga si utføring og med dei grenser som blei klarlagt under forretninga. Eventuelle merknader kan sendast skriftleg til underteikna så snart som mogleg og seinast innan torsdag 2. november 2017. Så snart klagefristen er utgått, eller det på eit tidlegare tidspunkt er mottatt melding om at den utførte oppmålingsforretninga vert godkjent, vil grensene som er behandla i oppmålingsforretninga bli innført i matrikkelen. Nye matrikkeleiningar og arealoverføringar vert sendt til tinglysing for oppretting/overføring i grunnboka. Etter tinglysing vil nytt Matrikkelbrev blir sendt til alle rørte partar.

Venleg helsing

Christina Jacobsen
Oppmålingsing/sakshandsamar
christina.jacobsen@kvinnherad.kommune.no

Dette brevet er elektronisk godkjent og har derfor ingen handskriven signatur.

Likelydande brev sendt til

Solberg Per Magne, Gardsvegen 11, 5475 Ænes

Enes Olav P, Gardsvegen 37, 5475 Ænes

Solberg Liv, Goto 12, 5470 Rosendal

Nerhus Olav Mikal, Ænesvegen 294, 5475 Ænes

Lekva Torunn, Kleivo 9, 5475 Ænes

Kvinnherad Kommune, Rosendalsvegen 10, 5470 Rosendal

Protokoll for oppmålingsforretning etter lov om eiendomsregistrering (Matrikkellova)

Journalnr
20163414Oppdragsnr
2017/93

Matrikkeletat				
Kommune	K.nr	Adresse	Postnr	Poststad
Kvinnherad	1224	Rosendalsvegen 10	5470	Rosendal

Matrikkeleining					
Gateadresse	Gnr	Bnr	Fnr	Snr	Registrert eigar/festar
Kleivo 7	64	18	0	0	Solberg Liv (Hjemmelshaver)

Om oppmålingsforretninga

Forretninga avvikla:	Dato	Kl	Stad
	11.10.2017	10.00	Kleivo 7, Enes

Forretninga gjeld oppretting av matrikkeleining

Grunneigedom Festegrund Anleggseigedom Uteareal eigarseksjon

Forretninga gjeld registrering av eksisterande grunn

Grensejustering Klarlegging av eksisterande grense Nymerking av eksisterande grense Registrering av ureg. jordsameige Matrikulering av umatrikulert grunn

Arealoverføring Anna

Forklaring
Frådeling av 2 eigedomar frå gnr. 64 bnr. 18. Då grensene for 64/18 er uklare, må ein først få klarlagt desse.

Saks- behandling	Løyvedato	Dato for fullstendig rekvisisjon	Pårekna dato for fullført matrikulering
	06.12.2016	06.12.2016	
Rekvirent Solberg Liv			Rekvisisjonsdato 21.09.2016

Habilitet

Landmålaren sitt namn
Christina Jacobsen

Landmålar orienterte partane om det låg føre forhold av personleg eller økonomisk art som kunne tilseia inhabilitet.

Hadde nokon av partane merknader/innvending til gjennomføringa av forretninga? Nei Ja (jfr. vedlegg)

Varsling og oppmøte

Varslet om oppmålingsforretning inneheld ei liste over dei personane som var varsla, deira partsstilling, varslingsdato og varslingsmåte. Under forretninga vart det oppmoda om å stadfesta sitt fram møte ved underskrift på lista og framsyning av legitimasjon. (Jfr. vedlegg).

Ev. merknader til varslinga
Ingen merknader til varslinga

Saksdokument - bakgrunn for forretninga

	Forklaring	Journalpost nr	Vedlegg nr	Urelevant
Vedtak (tillatelse) etter pbl				X
Rekvisisjon av oppmålingsforretning				X
Varsel om oppmålingsforretning				X
Situasjonskart og situasjonsplan				X
Konsesjonsdokument				X
Servitutt				X
Uttalelser/tillatelse fra andre myndigheter				X
Avtaler				X

Omtale av grenser, grensemerke, inngåtte avtaler, skiltsdom, påstandar frå partane m.m.

Pkt.nr	Type merke	Status	Punkt godkj. av partane	Partspåstandar (journalpost/ vedl.nr.)	Skiltsdom/forlik (journalpost/ vedl.nr.)
641	Umerket Nedsatt i: Ikke spesifisert	Grensepunkt kontrollert	Godkjent		
211	Offentlig godkjent grensemerke Nedsatt i: Ikke spesifisert	Gjenfunnet	Godkjent		
627	Kors Nedsatt i: Fjell	Gjenfunnet	Godkjent		
200	Offentlig godkjent grensemerke Nedsatt i: Ikke spesifisert	Gjenfunnet	Godkjent		
101	Offentlig godkjent grensemerke Nedsatt i: Jord	Nytt grensemerke	Godkjent		
100	Offentlig godkjent grensemerke Nedsatt i: Jord	Nytt grensemerke	Godkjent		
102	Offentlig godkjent grensemerke Nedsatt i: Jord	Nytt grensemerke	Godkjent		
103	Offentlig godkjent grensemerke Nedsatt i: Jord	Nytt grensemerke	Godkjent		
104	Offentlig godkjent grensemerke Nedsatt i: Jord	Nytt grensemerke	Godkjent		
105	Offentlig godkjent grensemerke Nedsatt i: Jord	Nytt grensemerke	Godkjent		
106	Offentlig godkjent grensemerke Nedsatt i: Fjell	Nytt grensemerke	Godkjent		
107	Offentlig godkjent grensemerke Nedsatt i: Fjell	Nytt grensemerke	Godkjent		
108	Offentlig godkjent grensemerke Nedsatt i: Fjell	Nytt grensemerke	Godkjent		

Oppsummering og fråsegn frå landmålar

Landmålar vurderer og gjev ev. kommentarar til: • løyve • rekvisisjonen • varsel om oppmålingsforretninga • førebuing av oppmålingsforretninga • oppmålingsforretninga • måle- og berekningsarbeid • fakturering • etablering/sletting av rettar • matrikulering • tinglysing • utsending av matrikkelbrev • klagerett og fristar

Grunnlaget for saka er delingsløyve og dispensasjon gitt i delegert vedtaksnr: 2016/571. Det er søkt om å gitt løyve til å dela frå to tomter tomt A og B jfr. søknad på hhv. om lag 1200m² og 800 m². Desse skal delast i frå gnr./bnr. 64/18.

64/18 sine grenser er uklåre og difor må ein først halda oppmåling på eigedom sine grenser før ein oppretter nye eigedomar. Begge deler blir gjort i denne oppmålingsforretninga.

Dokumentasjon som blir brukt:

- Georeferert utskiftningskart frå 1921
- skylddelingsforretning for 64/12 - tgl. 23.11.1931
- skylddelingsforretning for 64/18,19,20 tgl. 17.01.1945
- Målebrev på naboeigedomane 64/50 og 64/58 frå hhv. 1998 og 1990.

Av partane møtte:

- For eigar (Liv Solberg) av 64/18, med fullmakt; møtte Per Solberg. Han er også nabo og eigar av 64/58.
- Nabo og eigar av 64/2; Olav P. Enes
- For eigar (Olav Mikal Nerhus) av 64/12; med fullmakt; møtte Sigbjørn Nerhus
- Kvinnherad kommune v/Per Inge Naterstad, som eigar av veg nord for 64/18.
- Eigar for naboeigedom 64/50 møtte ikkje.

Alle partane ynskja tilsendt kopi av protokoll.

- Forretninga tok til ved at ein kikka gjennom dokumentasjonen nemnt over, samt skisser og utsnitt frå dagens matrikkelkart for å finna ut kor grensene til 64/18 var.

Sjå kartvedlegg til protokoll:

Grensene mot kommunal veg blei bestemt av partane 64/18 og Kvinnherad kommune v/P.I.Naterstad til å gå slik: Frå eksisterande grensemerke 200 i nordaustre hjørna til eigedom 64/58, vidare austover til nytt punkt 105-106-107 (som er sett ved gamalt gjerde) og vidare til nytt grensemerke punkt 100.

Grensa mot 64/12 blei bestemt av partane til å gå slik; frå eksisterande koordinatbestemt grensemerke 627 mot 67/50 til nytt nedsett grensemerke punkt 100. Det var restar av eit gamalt gjerde på strekket, dette gjekk ikkje i ei bein linje. Partane vart samde om at denne grenselinja skulle gå i rett linje frå punkt 627-100. (Ein prøvde å gå opp gjerde ved sjøen lengre nord på same grenselinja for å sjå om det kunne vera nokre gjerderester her som sa noko om kor skiftelinja gjekk, men det var ikkje noko som var å finna i ei rett linje.)

Grensa i sør mot 64/2 går slik: frå eksisterande punkt 641 på 64/5 nordvestre hjørna til nytt rekonstruert punkt 101, berekna utifrå avstandar i skyldskifte frå 1945 på 64/18, og dei to krossane 210 og 627 som er skildra i same skyldskifte. Frå punkt 101 til eksisterande punkt 211, som ligg i 64/58 sitt søraustre hjørna. Resterande grenser mot 64/18 er tidlegare koordinatfesta som felles grenser med 64/50 og 64/58 i egne målebrev.

Nye eigedomar:

Gnr/bnr 64/180: Eigedomsgrensene går frå punkt 106 til punkt 102. På denne linja er det sett ned eit nytt grensemerke 108 i berget. Vidare frå punkt 102-103-104-200(eksisterande grensemerke mot 64/58)-105-106. Eigedommen er på om lag 1150m².


Gnr/bnr 64/181: Går frå punkt 106-107-100-627(kross i fjell, eksisterande grensemerke mot 64/50)-102-108-106. Eigedommen er om lag 580 m².

Merknad: Punkt 108 er sett ned på linja mellom 102-106 på bergknaus. I kartvedlegget ser ein punkt 108A som er det teoretiske punktet som ligg eksakt midt på linja til 102-106. Det fysiske punktet 108 ligg et par cm ut av linja (då ein ikkje klarar å setja ned eit punkt 100% på same stad som i teorien).

Når landmålar har motteke vegrett og parkeringsrett frå eigar av 64/18 til dei nye eigedomane, blir dette sendt til tinglysing.

Sted	Dato	Underskrift
Enes	11.10.2017	

Vedlegg (saksdokument som kjem til under oppmålingsforretninga)				
Relevant	Dokumenttype	Forklaring	Journalpost nr.	Vedlegg nr.
	Partsliste			
	Beregningsdokumentasjon			
	Fullmakt			
	Avtaler			
	Hjemmelsdokument (matrikkelbrev, ekspropriasjonsvedtak, andelsbevis, tinglyst skjøte)			
	Arealregnskap			
	Begjæring/tillatelse til seksjonering/reseksjonering			
	Partspåstander			
	Forlik/voldgift			
	Kartvedlegg til protokoll			



Kartvedlegg til protokoll for oppmålingsforretning		Kvinnherad		
		Journal nr 20163414	Oppdragnr 2017/93	
Eigedom 64/18		Forretningsdato 11/10/2017	Landmålar Christina Jacobsen	
Rekvirent Solberg Liv		Målestokk 1:500		
				